



Dåpsinvitasjon

Velkommen til Brynekyrkja – velkommen til dåp!



Bryne
Kyrkja

TIL LYKKE MED DET VESLE BARNET

Dåpen er ein god tradisjon i landet vårt – truleg i dykkar familie og. Når de let barnet dykkar døype, legg de det i Guds hender. I dåpen vert vi Guds barn og tekne inn i den kristne kyrkja! Det er med glede vi kvart år tek imot om lag 200 barn til dåp i kyrkjene i Time.

INNMELDING TIL DÅP

Dei fleste barna blir døypte når dei er 2-4 mnd. gamle, men alderen kan variere. Vi har elektronisk innmelding til dåp på www.brynekyrkja.no

Her finn du ledige datoar for dåp i Bryne kyrkje eller i ei av dei andre kyrkjene i Time. Velg kyrkje og dato, og legg inn informasjon om barn, foreldre og fadrar. Etter at forespørsel er motteken hjå oss, vil de få mail med stadfesting av dåpsdato og stad.

FADRAR

Foreldra kan ikkje sjølv vere fadder, men dei vel 2-6 fadrar som er minst 15 år. Fadrane må vere medlem av Den norske kyrkja, eller andre kristne som godtek barnedåp. Tenk godt gjennom kven de vel til fadrar. Det er fint å bruke besteforeldre, men nokre av fadrane kan med fordel vere på dykkar eigen alder eller yngre. Fadrane si oppgåve er både å vere vitne om at barnet er døypt, og å hjelpe foreldra med å oppsede barnet i den kristne trua.

DÅPSSAMTALE MED PRESTEN

Før dåpen har de ein samtale med presten, der ein førebur sjølve dåpsgudstenesta.

”Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar...” seier presten til foreldre og fadrar i kyrkja på dåpsdagen, og minner oss om at dåpen er ei spesiell handling. Ein ber barna fram for Gud og kyrkjelyden, og seier samtidig noko om at ein har valt å la dei vekse opp i ein kristen tradisjon og samanheng.

«GUD GIR – VI DELER»

Før fekk barn og unge trusopplæring i skulen. Det gjer dei ikkje lenger. Reformen «Trusopplæring i ei ny tid» vart vedtatt av Stortinget i 2003. Politkarane bestemte at alle døypte barn og unge fra 0-18 år skal få tilbod om trusopplæring i Den norske kyrkja.

Dåp og opplæring høyrer saman. Ved døypefonten svarer de foreldre og fadrar ja til at barnet skal oppsedast i den kristne forsakinga og trua. De som foreldre og vi som kyrkjelyd står saman om denne oppgåva.

De som har den daglege omsorga for barna, er dei aller viktigaste formidlarar av tru, verdiar og tradisjonar. I åra som kjem vil de få invitasjon til ulike samlingar retta mot barna eller mot foreldre og fadrar. Kyrkja satsar spesielt på å møte barna der dei er med undringane og refleksjonane sine.

Målet er ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alle døypte mellom 0-18 år, uansett funksjonsnivå. Opplæringa skal gje kunnskap om og erfaring med kristen tru.

Vi deler tru og undring.

Vi deler kristne tradisjonar og verdiar.

Vi deler opplevingar og fellesskap.

Vi deler håp og kjærleik.

TRUSOPPLÆRING I BRYNEKYRKJA

Brynekyrkja vil bl.a invitere dykk til følgjande arrangement og samlingar:

- 0 år: Dåpssamtale
- 2 år: Undretur i kyrkja
- 4 år: Utdeling av barnebibel og adventsklubb
- 1. klasse: Dåpsskule
- 2. klasse: Pinsefart
- 3. klasse: Tårnagethelg
- 5. klasse: Lys vaken
- 6. klasse: Kode B
- 7. klasse: Newbie
- 9. klasse: Konfirmasjon
- 10.klasse: KonfReunion

Nærare informasjon kan de få på heimesida vår www.brynekyrkja.no. Her finn de også meir informasjon om kva Brynekyrkja har av tilbod for barn og unge.



TA KONTAKT:

Er det noko de lurer på er det bare å ta kontakt med oss på:

Kyrkjekontoret
Erlandsbakken 6
4340 Bryne
Tlf. 51 77 03 77
kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

Kontortid: Kvar dag kl. 09.00-14.00

**«DET SKJER ET UNDER I KIRKEN
STØRRE ENN VERDEN VET.
BARNET FÅR DEL I GUDS RIKE,
SVØPT I HANS KJÆRLIGHET. «**

Det skjer et under i verden
Gerd Grønvold Saue, Salmer 1997 nr. 93

Kateket Ingfrid Time Nærland
Sokneprest: Stein Ødegård
Kyrkjelydsutviklar: Bjørn Inge Hauge
Kantor: Per Olav Egeland
Diakon: Marit Høie Hetland
Ungdomspastor: Johannes Kleppe
Sekretær: Elisabeth S. Obrestad
Kyrkjetenar: Alf Einar Weseth
Klokkar: Leif Andenes

Gud signe barnet, heimen og familien.
Velkommen til kyrkja – velkommen til dåp.



Bryne
Kyrkja

Time kyrkjekontor
Erlandsbakken 6
4340 BRYNE
Tlf. 51 77 03 77
kyrkjekontoret@time-kyrkja.no
www.brynekyrkjano